



**G19-laget frå Kvinnherad (Trio/Rosendal/Halsnøy) møtte ein svært god motstandar då dei spela mot Bergen Nord i sesongopninga. Likevel klarte dei å halda 0 -1 og jaga utlikning til det gjenstod 5 minutt. Då kom 2 kjappe scoringar og dermed vart det 0 - 3 tap. Torstein H. Myklebust debuterte på dette laget, medan Sondre Myklebust spela heile kampen.**

Kampen vart spela på kunstgrasbanen i Rosendal, og i tillegg til dei to nemnde spelarane var også uskedelingen Ragnvald Myklebust involvert i kampen som ein del av trenarteamet til laget.

Til vanleg er også Stian S. Myklebust og Marius Myklebust med på dette laget.

Fullstendig kamp referat finn de ved å [klikka inn på IL Trio si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge DøsslandFoto frå Il Trio si heimeside.